

Doktor Haugen slik du minnest han 28.

31.12.2014



Om å vera gift med jobben.

Det er ei kjent sak at dr. Haugen var tilgjengeleg stort sett til alle døgnets 24 timar. Derfor var det også naturleg at dette vart understreka i talar til han.

Hjørdis Holgersen fortel ei historie om dette. Ho meiner det var då Haugen fylte 75 år, at hans nære og gode kollega og samarbeidspartnar Konrad Lunde heldt tale. I den lengre talen sin rosa dr. Lunde Haugen for den store innsatsen han gjorde for pasientane i distriktet sitt. Han kom inn på at han var tilgjengeleg til alle tider, og kom til å nemna at han nærast ikkje hadde noka eiga fritid. Han vinkla det som om han nærast utsletta seg sjølv.

Då Lunde endeleg hadde avslutta talen sin, kommenterte jubilanten roleg:

- Jeg har nu ikke utslettet meg helt. Jeg har jo min tredje kone.

Hjørdis var ikkje i selskapet sjølv, men har blitt fortalt historien av ein lege som var der. Han gjorde i si tid turnustenesta i Kvinnherad.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.